

# Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr. 03 mai 2010



## Nytt styre i ViB

På generalforsamlinga i ViB den 21.april i år vart følgjande styre valt: Petter Velle, leiar, styremedlemer vart Kristin Grebstad, Alf Petter Bøe, Jan Ove Skogvold og Per Magne Drotninghaug ( ny )Vararepresentant vart Elisabeth Urke. ViB har mange store arbeidsoppgåver framover, og vi ynskjer det nye styret lykke til med arbeidet!

## Ny generalforsamling i Velledalen Grendahus

Det vert ny generalforsamling i VG for å velje ny styreleiar til Velledalen Symjehall, tysdag 18.mai kl. 20.00.

## Butikken

Etter ein litt svak påskehandel har handelen no teke seg opp att. Styret er glade for at både velledalingane og andre bruker butikken. Butikken betalar som vi veit for prøveordninga med varm skulemat. Dette kan vi gjere takka vere at kundane våre bruker butikken.

## Populært med varm skulemat

Elevane ved Velledalen skule set stor pris på å få varm skulemat kvar torsdag. Kokk Marit Hole med medhjelparar står klar med velduftande gryter klokka 11 når dei 35 svoltne elevane ( og lærarane) kjem og set seg til matbordet. Grupper av elevar er med og dekkjer bord og rydder kvar gong. Ein satsar på å bruke ein del lokal mat til torsdagsmiddagane på grendahuset. Kjøtet som har vore brukt til no, er kjøtt frå Tindemat. Og meir lokal mat skal det bli, for denne veka (onsdag) skal 5. -7. klasse ved skulen vere med og fiske røyr i Fetvatnet. Dersom fangsten blir bra, blir det lokal fisk på menyen komande torsdag.

Vi minner om **torsdagsmiddag på grendahuset kl. 12.30 til 15.00**. Alle er velkomne til å kjøpe seg middag!

Meny: **Steikte kræ (røyr) frå Fetvatnet m/ salat og rømmesaus el smelta smør.**

Prisar: Middag kr. 80,-. Kaffi kr. 10, og kake kr. 10,-

## Konradløpet ,

Mini-Konradløpet som vart avvikla om kvelden 30.april, samla heile 96 deltakarar fordelt på to grupper, med og utan tidtaking. Hans Martin Gjerdrem delte ut premiar til Mini-Konradløparane. Til Konrad-løpet morgonen 1.mai var det 299 påmelde, eit imponerande tal når ein tek om syn til veret. Men - skal ein først delta i Konradløpet og bryte seg opp i grålysninga morgonen, er vel ikkje litt snø og slaps noko å bry seg om! Raskaste mann vart Knut Lium, som brukte 15.38 på runden. Beste kvinne vart Hilde Riksheim Tandstad, med tida 18.46. Eit vellukka arrangement også i år!

## Kraftverket på Brunstad

Dei siste dagane har vore spanande for grunneigarane på Brunstad som eig kraftverket. Folk frå leverandøren, Energiteknikk AS, har dei siste dagane vore på Brunstad og prøvekjørt og testa anlegget. Det ser ut til å fungere godt, og det vert no levert straum på nettet frå Brunstad kraft AS.

## Brunstadskulen

Den engasjerte ungdomsgruppa som deltek i bygdemobiliseringsprosjektet, er i gang med dugnadsarbeid i kjellaren på Brunstadskulen. I samarbeid med Velledalen Ungdomslag satsar dei no på å få fortgang i ferdiggjeringa av lokalet. Bjørn Ove Hole har teke på seg snikkararbeidet.

## Bygdemobiliseringsprosjektet

Siste møte i bygdemobiliseringsprosjektet no i vår, arbeidsgruppene, blir førstkomande fredag 7. mai kl. 19.30 til kl. 21.30. Det har vore om lag 20 stykker som har møtt, men vi oppfordrar fleire til å møte.

## Skulestruktursaka

Saka om skulestruktur skal opp i Levekårsutvalet 20.mai kl.15.15., og i kommunestyret 31.mai. Rådmannen går inn for å leggje ned Velledalen skule i sitt framlegg til vedtak.

## Komande arrangement:

**Pubkveld** i kjellarsalen på grendahuset fredag 7.mai kl. 21.30 – 01.00

**Laurdag 15. mai: Hurricane – The songs of Dylan** –konsert med dansegolv på grendahuset . Hurricane er ei lokal gruppe på 7 menn, strandarar og sykkylvingar, som framfører eit rikt utval av Bob Dylan sine singlar i ulike stilartar og på ulike språk. Heim til 17.mai? Møtestad VG denne kvelden!

## Takk til Atle

Styret i ViB ynskjer å takke Atle Hole for den gode jobben han har gjort som skribent for Dalen i Sentrum heilt frå starten i 2007. Atle har no takka for seg og Kari Hjorthol har teke over som skribent. Vi ynskjer henne lukke til, og send gjerne stoff til Kari på epost: [kari@drotninghaug.com](mailto:kari@drotninghaug.com). Då vert ho glad©

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.